



Byglandsnytt nr.27– november 2021

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
Neste utgåve: 1. desember - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 26.11. - Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

Sentralbord: tlf. 37 93 47 00 - måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00

NAV: tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Rettleiingssenter i Bygland: drop-in uten timeavtale torsdag kl. 12.00–14.00

Legkontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Byglandsfjord legekantor

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Folkebiblioteket i Bygland (Merk! litt endring i opningstidene)

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 15.11. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 15.11. kl. 15.30
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 16.11. kl. 10.00
- **Formannskapet:** 16.11. kl. 13.00
- **Kommunestyret:** 03. og 23.11., begge kl. 13.00

Nytt om namn i kommunen

Leif Sigurd Helle er ny leiar i Pleie og omsorg med oppstart 1. november. Han kjenner sektoren godt og har mange år med arbeidserfaring i Bygland kommune.

Ledige stillingar

Kjøkkenet på Byglandsheimen søker etter engasjerte og fleksible tilkallingsvikarar

Kjøkkenet lagar og serverer måltid til bebuarar på Byglandsheimen, i bufellesskap og omsorgsbustad. Vi tilbyr og middagsutlevering i kommunen to dagar i veka.



Følgjande personlege eigenskapar vil bli vektlagt:

- kunnskap om hygiene
- du er positiv og samarbeidsvillig
- du er opptatt av kvalitet og eit godt resultat

Vaktene vil i hovudsak bli avtalt på førehand, men det kan kome førespurnad på vakter på kort varsel.

Ta kontakt med avdelingsleiaren på Byglandsheimen, Miriam Honnemyr på tlf. 90 83 92 22 eller på e-post miriam.honnemyr@bygland.kommune.no

Stillingsannonser i Bygland kommune finn du på kommunen sin heimesida:

www.bygland.kommune.no – Ledige stillingar

Kunngjeringar

Ingen kunngjeringar.

GNIST-prosjekt: Det gode livet rundt Byglandsfjorden

Vi skal skape Det gode livet rundt Byglandsfjorden



Byglandsfjorden er hjarta i Bygland kommune, og har blitt omtalt som "Norges mest underkommuniserte naturperle". Dette ønskjer vi verkeleg å gjere noko med!

Vi gjennomfører difor ein prosess saman med Agder fylkeskommune for å få fram gode tankar, idear og planar som kan hjelpe oss å realisere det verkelege potensialet Byglandsfjorden har. NHO sitt kommune-NM slår fast at Bygland kommune har Agder sin lågaste bustad-, nærings- og besøksattraktivitet. For alle oss med eit stort hjarta for Byglandsfjorden er ikkje dette lett å forstå.

Potensialet er enormt, sidan vi frå naturen si side er gitt dei aller beste føresetnadane. Reint og ferskt vatn, sandstrender, holmar/skjær, spektakulære utsiktspunkt, god plass, ro og fred og bleka. Grønt skifte og blå økonomi hand-i-hand. Gjort på målretta og systematisk vis er det mogleg å etablere berekraftige løysingar, for både turistar, innbyggjarar og næringsdrivande. Vi ønskjer å legge til rette for eit berekraftig bu- og arbeidsmiljø, med særleg søkeljos på nye arbeidsplassar. Det er nærliggande å tenke at dette kan vere innanfor reiseliv og kultur, men vi ønskjer også andre næringar velkomne, det vere seg både "grøne", "blå" og andre fargar. Skal vi skape arbeidsplassar må vi også kunne tilby dei menneska som skal jobbe her, gode butilhøve. Og kvar er det ikkje vakrere og flottare å bu enn rundt Byglandsfjorden? Med både Presteneset på Bygland, fjordbyen Byglandsfjord og festivalbygda Ose, har vi starta planlegginga.

Tar vi med oss den rike historia som ei kraft inn i framtidsretta løysingar, meiner vi at vi saman kan skape noko heilt ekstraordinært. Vi kan igjen skape "smilande grender" rundt Byglandsfjorden, der folk trivast med å bu, jobbe og feriere.

KORONA

No kan du bestille sjølvtest på legekantoret

Opplever du at du får covid-symptom eller er du uvaksinert nærkontakt, kan du ta kontakt med legekantoret for å hente sjølvtestar

Gratis sjølvtestar skal prioriterast til:

- personar med symptom
- uvaksinerte nærkontakter
- uvaksinerte barn og unge ved målretta jamnleg testing (i situasjonar med utbrot)



Det er svært viktig at den som henter testen er symptomfri!

Om testen er positiv

Om testen er positiv, må du i isolasjon. Ta kontakt med legekantoret for vidare oppfølging. Du må bestille ein ordinær PCR-test for å sjekke om det positive svaret er rett.

Nærkontakter/medlemmer i husstanden som ikkje er fullvaksinerte, må i karantene til svar frå PCR-testen ligg føre.

Oppfriskingsdose til eldre og sjukeheimsbebuarar

Kommunen er i gong med planlegging av 3. dose Covid-19-vaksine. Innbyggjarar som er i målgruppa og som har fått 2. dose for



6 månadar sidan vil få automatisk innkalling etter at vi er ferdige med influensavaksineringa.

Deretter vil vi følgje opp alle som no har eit kortare intervall med innkalling når det er deira tur.

Er det nokon som ikkje har fått dose 1 eller 2 og som gjerne vil ha, ta kontakt med Kjersti Plathe på tlf. 952 15 572.

Vi vaksinerer mot influensa frå veke 44. (Les meir om det på s. 5)

Informasjon om 3. vaksinedose til menneske med alvorleg nedsett immunforsvar



Kven får den 3. dosen?

Pasientar med alvorleg svekka immunforsvar vil få tilbod om 3. vaksinedose.

Dei som ikkje har fastlege i kommunen, eller er under behandling i spesialisthelsetenesta må ha dokumentasjon på at dei kan få 3. dose.

Dei dette gjeld, kan kontakte Kjersti Plathe på tlf. 952 15 572.

Dette er:

Gruppe 1:

- organtransplanterte
- menneske med alvorleg og moderat primær immunsvikt
- dei som er i aktiv dialysebehandling og pasientar med kronisk nyresvikt stadium 5
- dei som har avansert eller ubehandla hiv-infeksjon

Gruppe 2:

- pasientar med pågåande betydeleg immundempande behandling av annan årsak
- kreftpasientar med aktiv eller nyleg gjennomgått immundempande behandling
- pasientar som av ansvarleg legespesialist blir vurdert til å ha svært nedsett immunforsvar, og som ikkje inngår i ei av gruppene ovafor

Innkalling

Legekontoret har ei oversikt over aktuelle pasientar, og Bygland kommune vil kalle inn alle som er aktuelle for den 3. dosen.

For meir informasjon: fhi.no

Helse:

Influensavaksine

Bygland kommune startar
influensavaksinering i veke 44 (frå 1. nov.)



Personar som er i målgruppa for vaksinering kan møte i kommunestyresalen på kommunehuset mellom kl 10.00 og 14.00 den 2. november og 4. november. Dei treng ikkje timeavtale, men må rekne med litt ventetid.

Heimesjukepleien vaksinerer dei som har teneste frå heimesjukepleien. Personar som ikkje er i målgruppa må kontakte fastlege for resept.

Målgruppe for influensavaksinering:

- Beboere i omsorgsbostader og sjukeheimar
- Alle frå fylte 65 år
- Gravide etter 12. svangerskapsveke (2. og 3. trimester). Gravide i 1. trimester med anna tilleggsrisiko skal også få tilbod om influensavaksine
- Prematurt fødte barn, særlig barn født før veke 32 i svangerskapet, frå 6 måneder til 5 år
- Barn og vaksne med:
 - kronisk lungesjukdom (inkludert astma)
 - kronisk hjarte-/karsjukdom (anna enn velregulert høgt blodtrykk), spesielt personar med alvorleg hjartesvikt, lågt minuttvolum eller pulmonal hypertensjon.
 - diabetes mellitus, type 1 og 2
 - kronisk leversvikt
 - kronisk nyresvikt
 - kronisk nevrologisk sjukdom eller skade, spesielt personar med nedsett lungekapasitet
 - nedsett immunforsvar som følge av sjukdom eller behandling av sjukdom (f.eks. organtransplanterte, kreft, HIV, reumatoid artritt og andre sjukdommer)
 - svært alvorleg fedme (KMI over 40)
 - anna alvorleg og/eller kronisk sjukdom der influensa utgjer ein alvorleg helserisiko, etter individuell vurdering av lege

Andre målgrupper

I tillegg anbefaler vi influensavaksine til følgjande grupper, primært for å beskytte andre (indirekte beskyttelse):

- Helsepersonell og andre tilsatte i helse- og omsorgstenesten som har nær kontakt med pasienter ved behandling eller pleie
- Personer som bur saman med (eller er tilsvarande nære) immunsupprimerte
- Svinerøktarar og andre som har regelmessig kontakt med levande griser

Dei som bur i ein anna kommune må kontakte kommunen dei bur i for gratis vaksine i risiko gruppe.

Pleie og Omsorg

Informasjon om samanslåing av avdeling Open omsorg og Habilitering i Bygland kommune



Frå og med 29.11.21 skal avdelingane Open omsorg og Habilitering i Bygland kommune bli til ei avdeling. Open omsorg vil no ha ein «base sør» og «base nord». Dette inneber at på dagtid og kveldstid vil Open omsorg ha bemanning både på Byglandsfjord og Bygland.

Det står i dag 3 ledige bustadar med døgnbemanning i Birkelandsgate på Byglandsfjord. Desse er det mogleg for alle med behov å søkje på frå 29. november 2021. Bemanninga vil bestå av dyktige sjukepleiarar, vernepleiarar, fagarbeidarar og assistentar.

Økonomi og næring

Faktura kommunale avgifter

Har du ikkje mottatt faktura for 3. termin 2021, kan dette skuldast at faktura er sendt på annan måte enn tidlegare. Sjå informasjonen under, som blei publisert 16. juni i år

Vel kor du vil ha fakturaen

Multikanal Evry sørger for at fakturaen blir sendt ut slik du, som kunde, har valt å motta fakturaen knytt til digitale løysingar. Kommunen har ikkje høve til å endre dei digitale vala du har gjort.



- **Faktura i Vipps**

Dersom du ikkje ønsker faktura i Vipps (vipps.no) styrer du dette via Min profil inne på Vipps si side. Der kan du slå av og på rekningar.

- **Faktura i Digipost**

Får du fakturaene i Digipost (digipost.no) bør du gå inn på innstillingar på Digipost si side og krysse av for om du ønskjer varsel via SMS eller e-post om at du har fått ein ny faktura.

- **eFaktura**

Dersom du ikkje ønskjer fakturaene i Digipost, kan det vere eit alternativ å opprette eFaktura. Ved oppretting av eFaktura-avtale med Bygland kommune i nettbanken er personnummeret ditt eFakturareferanse.

- **Faktura i posten**

Dei som ikkje har valt nokon av dei digitale løysingane vil fortsatt få fakturaene i posten.

- **Faktura for bedrifter**

Bedrifter og organisasjonar, som kan ta imot faktura på elektronisk handelsformat (EHF) og som er registrert i ELMA, vil motta faktura i dette formatet som tidligare. Her er det ingen endringar.

Drift og Forvaltning

Symjehallen i Bygland har opna att

Takstar familiebadning på Bygland skule

- Born pr. gong 20.-
- Sesongkort born 150.-
- Vaksne over 18 år 40.-
- Sesongkort over 18 år 350.-
- Familie, sesongkort 700.-



Ein må betale sjølv om ein berre brukar dusj eller badstoga. Symjehallen er open for alle på endra opningstider: **tysdagar** og **fredagar** frå kl. 17.00 – 20.00. Symjehallen er open fram til påske, men er stengt i juleferien og vinterferien til skulen. Alle som skal bruke symjehallen må dusje og vaske seg med såpe før dei badar. Ein ber om at det vert nytta Vipps (#539649) ved betaling av inngongsavgift.

Informasjon om vassmålaravlesing

Bygland kommune har tatt i bruk SMS-varsling til bruk ved vassmålaravlesing. Varsel vil bli sendt på SMS til mobiltelefonen din i dei tilfelle vi har mobilnummeret.



Kommunen vil ved neste utsending av varsel bruke det mobilnummeret du svarte via, eller evt. det mobilnummeret du skreiv saman med avlesinga på <http://www.leseav.no> eller det nummeret du skriv på svarslippen.

Ved feil

Om du får ein SMS som du meiner er sendt til feil nummer, ber vi deg om ikkje å svare på denne. Denne løysinga er ikkje ein innbyggardialog.

Kan vi nå deg?

Det finns 2 ulike registre ein kan velge å registrere seg i for at vi skal nå deg. (Her kan du og kontrollere om du allereie er registrert). I tillegg gjer vi og eit siste forsøk ved å gjere oppslag på 1881.no.

1. <http://www.norge.no/oppdater-kontaktinformasjon>. I dette felles nasjonale kontaktregisteret tilrår vi å legge inn både mobiltelefon og e-postadresse.

2. <http://www.varslemeg.no> som er eit tilleggsregister kun kopla opp mot Varsling24 og kommunen sitt varslingsystem

Verksemder

Verksemder må registrere nøkkelpersonar ved å gå inn på lenka <http://www.varslemeg.no>, då telefonnummer til verksemder ikkje blir henta frå andre kanalar.

Revisjon av konsesjonsvilkår

NVE har lagt ut revisjonsdokumentet for reguleringskonsesjonar i Otravassdraget til offentlig høyring. Bakgrunnen for dokumentet er krav frå kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand. Høyringsfrist er **1. desember 2021**.



Bilete: Inge Olav Fjalestad

Meir om krav frå kommunane og revisjonsdokumentet finn de ved å gå inn på heimesida til NVE.

Kontaktpersonar

- Bygland kommune: Inge Olav Fjalestad, T: 37 93 53 51, E: inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE): Oda Bjærke, T: 22 95 98 51, E: odbj@nve.no
- Otteraaens Brugseierforening (OB): Grunde Johnsen, T: 37 93 67 06, E: grunde.johnsen@otrakraft.no

Oppvekst

Flaskeinnsamling til 9. kl. sin Polentur

Måndag 8. nov. 2021 er det klart for ein ny runde med flaskeinnsamling som 9 klasse skal ha til Polenturen sin. Elevane kjem rundt frå ca kl 17.00 og utover kvelden. Dei kjem rundt i heile Bygland kommune. Vi set stor pris på om du har flasker til oss. Er du ikkje heime, kan du sette de lett synlege utanfor inngangsdøra. Tusen takk!
Helsing 9. klasse med føresette



Klassequizen 2021

Banos! Dette bananpålegget frå Stabburet kjem nok Thomas, Ida Helen og Jon Vegard til å hugse. Det var nemleg det einaste svaret dei ikkje greidde i den innleiande runden i NRK sin klassequiz.



Logo: Klassequizen NRK

Gratulerer med 11 av 12 poeng! Kryssar fingrane for at de kjem til fylkesfinalen i januar!

Skogdag på KVS Bygland

Kvart år inviterer Skogselskapet, skogeigarlaga og KVS Bygland til ein skogdag for alle 9.klassingane i regionen vår.

I år var det ca 100 elevar frå Iveland, Åseral, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle som møtte opp for å prøve seg på alt frå øksekast og

luftgeværskyting til skogplanting og hogstmaskinsimulator.

Bålkos er ein viktig del av dagen! Gratis pølser, hamburgerar og brus er ikkje kvardagsmat for svoltne skuleelevar. Dei lokale skogeigarlaga spanderte!

Takk for ein fin dag!

Tekst og bilete: Hestekøyring av Åslaug Haugå



Bygland skule på tur: Bli kjent i eigen kommune!

Har du vore på Haugetveit? Eller på Sordal?

Det var det mange av elevane våre i ungdomsskulen som ikkje hadde, så før haustferien hadde me busstur nordover i kommunen. Første stopp var på Sandnes der me fekk høyre historien om kvifor me har både Sandnes kyrkje og Sandnes kapell. Så gjekk turen vidare til Åraksbø der me fekk høyre om både koparverk, meieri, elektrisitetsverk, for ikkje å gløyme Haugeburet. Neste stopp var Haugetveit der me hadde omvising i det nye hypermoderne fjøset til Olav og Tone Haugetveit. Her er det fleire typar robotar som erstattar handkraft, f.eks mjølkerobot og robot som tek vekk møkka.



Haugetveit AS. Bilete: Arne Haugetveit



Ose Water. Bilete: Åslaug Haugå

På stoppet ved Ose Water losa Edmund Haave oss gjennom produksjonen som inneheld både vatn på flaske og handdesinfeksjon.

Hækni kraftstasjon var siste stopp. Her fekk me omvising inne i kraftstasjonen, og bollar og brus i kontordelen!

Takk for at me fekk omvising på dei ulike stoppa, og ikkje minst til Knut Haugetveit og Svein Kleivane som fortalde for det meste sanne, men kanskje enkelte usanne historiar? undervegs!!

Tekst: Åslaug Haugå / Bygland oppveksenter



Hækni kraftstasjon. Bilete: Arne Haugetveit

KVS Bygland informerer: Nye elev/ungdomsbedrifter i Bygland

Naturglede UB: Ny ungdomsbedrift frå KVS Bygland som tilbyr friluftaktiviteter i naturen med fokus på natur og friluftsglede for barn mellom 7 og 12 år.

Naturglede.UB - Send melding til tlf. 41669133 eller naturgledeUB@gmail.com for å melde barna dine på.

Bjoren skogstjenester UB: Ny ungdomsbedrift på KVS Bygland med tenester innen skogsbruk. Vi er 3 stk fra Vg3 naturbruk på Kvs-Bygland som har startet en Ungdomsbedrift. Vi utfører tjenester innen Skogstjenester. Alt fra plan. Bedriften er registrert som ungdomsbedrift, og er registrert og godkjent i Brønnøysund. Kontakt oss for et uforpliktet tilbud: tlf. 469 17 138. E-post: bjoren.skogstjenester@gmail.com



Høf Vi er en jentegruppe fra KVS - Bygland som vil tilby friluftaktiviteter i naturen med fokus på natur og friluftsglede for barn mellom 7 - 12år! (Ta kontakt om du vil mangle på barn utvokst eller begrensninger)

Aktivitetene tilbyes for alle i kommunene Etna, Hornes, og Bygland kommune.

Info om oss -

Først jentene møter en UB ungdomsbedrift fra KVS - Bygland som vil tilby friluftaktiviteter for barn i naturen.

Vi vil fokusere på det sosiale og dele litt kunnskap som alle barn kan ta til seg ved forskjellige aktiviteter som i naturen som bærplukking og snål, fiske, turging, baller, slags byttedyr og mer!

Aktivitetene vil hovedsakelig foregå på KVS - Byglands område og områder på de 40 000 m² store da site, med nok av plass for lek og mer!

For mere info:

Facebook: Naturglede.UB

Tlf: 41669133

Mail: naturgledeUB@gmail.com

(pmsending til 41669133 på melding.)

Vi sees ☺



Bjoren skogstjenester UB

Kultur

Setesdal E-bike

Dei første 30 elsyklane til Setesdal E-bike er plassert ut på 7 stasjoner i kommunane Evje og Hornnes, Bygland og Valle.

Stasjonane er på desse stadane:

- Mineralparken – Hornnes
- Dølen Hotel – Evje
- Troll Aktiv – Syrtveit
- Revsnes Hotell – Byglandsfjord
- BUA Bygland – Bygland
- Sølvgården – Rysstad
- Bratt Friluftsliv – Valle



Bilete: BUA Bygland

Syklane er knytt saman i eit digitalt nettverk og skal kunne brukast både av innbyggjarar og tilreisande. Nettverket er levert av selskapet Sharebike AS som har utvikla ein mobil-app og eit låsesystem som vi kan nytte for å hente ut og levere inn syklane på dei 7 stasjonane.

Prosjektet er gjennomført som eit samarbeid mellom kommunane og Setesdal Interkommunalt politisk råd (SIPR) og er også ein del av EU-prosjektet MARA som ser på mobilitet og framkomelegheit i rurale strøk. Syklar og system er finansiert av Klimasats og SIPR, og kommunane har ansvar for drift og vedlikehald.

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester


- søndag 07.11 kl. 16.00, Årdal kyrkje i Grendi

Andakt på Byglandsheimen

- tysdag 09. og 23.11. kl. 14.00

Konfirmantundervisning

- onsdag 03.11. kl. 14.30, Vonheim bedehus
- onsdag 10. og 24.11. kl. 15.00, Vonheim bedehus



Trusopplæring

Laurdag 16.10. inviterte trusopplæreren i Bygland og Årdal sokn til Krøllekveld for 2-åringane. Den vesle sauven Krølle gjekk seg vill og 3 flittige gjetarar leita etter den bortkomne venen.



Vi lærte òg den ekte historia om Krølle og den gode gjetaren som leita etter siste sauven sin.

Det vart bollekos og teikning og god stemning.

Eg gleder meg til møtet med alle andre barna i skuleåret framover.

Helsing Malin, trusopplærar (vikar)

Konfirmantleir på Knaben

29.-31.10. reiste konfirmantane frå Bygland, Åseral og Evje og Hornnes på konfirmantleir til Knaben. Der hadde vi aktivitetar, andakter og leik, og dessutan frivillig kulturopplevingar i det tidlegare gruvesamfunnet. Vi koste oss med mat, lærte om Jesus og kunne slappa av i bassenget etterpå. Ein fantastisk gjeng som skal konfirmerast til våren!

Helsing Malin, trusopplærar og vikar, Bygland og Årdal sokn



*Frå ein av gruvegangene.
Bilete av Malin
Hegenscheidt*

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,
Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktivitetar er:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)**, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste og transport til og frå vaksinasjon**

- **Seniorsenter** – kvar måndag kl. 11.00 – 14.30, Pakkhuset på Byglandsfjord
- **Bingo** - annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral – neste: **09. og 23.11.**

- **Bygdemiddag** – annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, Bygland frivilligsentral – neste: **02., 16. og 30.11.**
- **Open dag i salen – Byglandsheimen** – kvar onsdag kl. 11.00-15.00
- **Styrketrening** – torsdagar kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen
- **Strikkecafe** – 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral - neste: **04. og 18.11.**
- **Valfag Innsats for andre - samarbeid med Bygland Oppvekstsenter**
Kvar tysdag kl. 12.00-13.30. Oppdrag kan meldes inn på sms til 945 10 700. Der skriv du adresse og kva oppdraget er.

KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygdekinoen: onsdag 03.11. kl. 17.30 og kl. 19.30

kl. 17.30: Petter Kanin hoppar heimanfrå

OMTALE

Petter Kanin er tilbake!

Bea, Thomas og kaninane har endeleg skapt ein familie, men trass god innsats klarer ikkje Petter å bli kvitt det rampete ryktet sitt. Når han omsider bestemmer seg for å rømme frå familien, kjem Petter i ei verd der rampestrekene hans blir verdsett. Når familien risikerer alt for å finna han, må Petter bestemme seg for kva slags kanin han vil vera.

BILLETTPRIS: 100 kr

FILMFAKTA

Regi: Will Gluck. Språk: Norsk. Produksjonsår: 2020. Skodespelarar: James Corden, Elizabeth Debicki, Lennie James, Margot Robbie, Aimee Horne, Rupert Degas, Rose Byrne, Domhnall Gleeson, Sia. Sjanger: Eventyr /Familiefilm /Barnefilm.

Nasjonalitet: England. Lengde: 1t. 33min. Aldersgrense: for alle.

kl. 19.30: Nordsjøen

OMTALE

Vesle julaftan 1969 annonserte den norske regjeringa ei nyheit som skulle forandra Noreg for alltid. Dagen markerte starten på Noregs oljealder og eit økonomisk eventyr utan sidestykke. I den nye storfilmen NORDSJØEN tar det norske oljeeventyret ei dramatisk vending. Ei oljeplattform går plutseleg ned utanfor Ormen Lange feltet. Forskarane søker desperat å finna løysinga på den tilsynelatande uforklarlege hendinga.



Noreg held pusten når det viser seg at ulykka berre er starten på noko som skal bli veldig mykje meir alvorleg. Det blir eit menneskeleg drama på liv og død i det tusenvis av oljearbeidarar plutselig er fanga på plattformer over heile Nordsjøen. Norgeshistoriens største redningsaksjon er eit faktum. Midt i dette kaoset er Sofia (Kristine Kujath Thorp). Ho er ein ung gründer som jobbar med svært avanserte undervassrobotar. Saman med kollegaen Arthur (Rolf Kristian Larsen) må ho risikera alt i ein desperat kamp mot klokka, då det viser seg at Sofias kjæraste er fanga i ei øydelagt plattform djupt under den urolege havoverflata. NORDSJØEN er ein ny storproduksjon frå Fantefilm som tidlegare har produsert katastrofefilmene SKJELVET og BØLGEN. I hovudrolla finn vi stjerneskotet Kristine Kujath Thorp, som nyleg har vore aktuell i storfilmen «Den største Forbrytelsen» og «Ninjababy». Andre sentrale rollar har Rolf Kristian Larsen, Anders Baasmo, Henrik Bjelland og Bjørn Floberg.

BILLETTPRIS: 120 kr.


FILMFAKTA: Regi: John Andreas Andersen. Språk: Norsk. Produksjonsår: 2020. Skodespelarar: Kristine Kujath Thorp, Rolf Kristian Larsen, Anders Baasmo, Henrik Bjelland, Bjørn Floberg, Anneke von der Lippe, Ane Skumsvoll, Cengiz Al. Sjanger: Action /Drama. Nasjonalitet: Noreg. Lengde: 1t. 45min. Aldersgrense: 12 år.

Bygland Filmklubb: søndag 14.11.



kl. 17.00:
Capote (2005)
alder: 15 år

kl. 19.30: Med
kaldt blod (1967)
alder 15 år



Tømekalender for Bygland kommune – november 2021

Papir og plast: veke 44: tysdag 02.11.

Matavfall og glass/metall: veke 44: torsdag 04.11.

Matavfall og restavfall: veke 46: torsdag 18.11.

Papir og plast: veke 48: tysdag 30.11.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (10.11.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (27.11.)

Syrtevit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (13.11.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 27:

Bilete: Framside: Kudrift på Lidtveit av Susanne Hegenscheidt. Innhald (m. m. anna er spesifisert): Marit S. Kvaale, Susanne Hegenscheidt, pixabay.com, Anne Fauske, Siri Johannessen Red.notat: Frå Kilden-førestilling Sheherazade 30.10. av S. Hegenscheidt. Kva skjer: Marit S. Kvåle. Tusen takk til alle fotografane! Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg Byglandsnytt desember kjem: 01.12., frist for innspel 26.11.



Ymse

Suleskarvegen: Vinterstengt mellom 01. november 2021 og 20. mai 2022

Bilete: fjordnorway.com



Bygland mållag:

- Kulturkveld med Arja Saijonma og Olav Grendstad - Ose Grendehus 5. nov. kl. 19.00
- Haustseminar på Storstoga i Ose - laurdag, 6. nov. Kl. 10.00-13.00



Elim Evje (arr.): Møte på Bygland Vonheim - fredag 19. nov. kl. 19.00 Program: Karl Trostveit m/venner synger og spiller, Ruth Jeppestøl taler. Enkel kveldsmat og kollekt. Velkomen!



Stoga kulturkafe:

Lunskafe for næringsdrivande i Bygland – Stoga kafe - fredag 05. nov. kl. 11.00-12.00

Avgrensa tal plassar. Initiativtakar og lunsjvener: Olav Skeie, Ragnhild Sordal, Runar Granheim, Beate Simonstad (tlf.922 10 609) og Olav Grendstad (tlf. 906 65 459). Ved spørsmål ta kontakt med sistnemde.




Biletkåseri om Bjørgulv Myhola ved Svein Inge

Olsen - Stoga, Bygland, onsdag 17. nov. kl. 18.00

Inngong 100 kr, born gratis. Sal av boka og kaffi/kaffimat. Arrangør: Setesdal Sogelag.

Bjørgulv Myhola (1872 – 1968) sitt oldebarn, Svein Inge Olsen frå Kristiansand, har skrivt bok om Bjørgulv og kalla han «den siste av dei gamle.» Han var ein av si tids kjendisar i Setesdal og var eit ynda fotoobjekt blant turistar og også journalistar. Olsen har ei mengd bilete som viser dette og mykje anna frå eit særmerkt liv.



Bygland Dramatiske Selskab: Det meste er sant - Ei førestilling med Svein Kleivane sine tekstar – Bygland

kulturscene fredag 12. og laurdag 13.11. kl. 19.00

Billettpris kr. 250.

Førehandsal på Coop Ose, Matkroken/Haugå landhandel, Databutikk Evje AS eller på SMS til 97181306



Byglandsfjord barnekor 30 år - Jubileumsfest i Årdalshallen, laurdag 13.11. kl. 15.00

Byglandsfjord barnekor fyller 30 år, og dette må feirast! 13. november inviterer vi til stor jubileumsfest i Årdalshallen for alle.

Det blir variert program med song av barneketet, andakt av Kristine Kjetså Norum, tilbakeblikk frå tidlegare år og underhaldning. Det blir servering av varm mat og stort kakebord.

Vi håper du har lyst til bli med på festen, tidlegare kormedlemmer er spesielt velkommen! Arrangementet er gratis og utan påmelding.



Setesdal IPR (regionråd) presenterer:

Setesdalkonferansen 2021 - Evjemoen Kino &

Scene, torsdag 04.11. frå kl. 10.00

"OPP OG FRAM MED BETRE SAMARBEID!»

Setesdal har fått til mykje godt og nyskapande samarbeid under pandemien, og no som vi endeleg er i gang att skal det vi har lært undervegs brukast og utviklast vidare.

For meir informasjon: www.setesdalskonferansen.no

Temamøte om krypsiv i Otravassdraget

Evjemoen Kino&Scene, 15.11. kl. 11.00-15.00

Setesdal IPR og Otteraaens Brugseierforening inviterer til temamøte om krypsiv. Målet er å få eit betre kompetansegrunnlag om denne vassplanten som er eit av dei største utfordringane for miljøet i vassdraget. Vi ønskjer å samle alle som er interessert i problematikken til dialog, erfaringsutveksling og diskusjon. For program: [sjå setesdal.no](http://sjå.setesdal.no)



Seminaret er ved Stein Erik Stinessen og Christi Erichsen Hurlen, LVK.

Sted: Evjemoen kino & scene, Kasernevegen 2, 4735 Evje

Påmelding til rita.hansen@setesdal.no innan måndag 8. november.

Sæbyggjan i 10 år – sett av 02. og 13.11.

I 2011 vart Landskappleiken arrangert i Seljord. Då tok Sigrid K. Jore initiativ til den fyrste gangarringen i mans minne som skulle tevle i lagdans. Sæbyggjan vart etablert, og sidan har me tevla over heile Noreg. No ønskjer me fleire med i dansen!

2. november kl 19.00 startar Sæbyggjan opp danseøvingar, som er ei gong i månaden.

Fyrste øving er i Sæbyggjen. Alle, uansett danseerfaring, er hjarteleg velkomne!

13. november frå kl. 14.00 feirar me 10 års jubileum, og ønskjer alle i Setesdal velkomne til rekrutteringsdag, film og fest! Håpar du kjem!



		KVA SKJER I BYGLAND? November 2021	
DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT <i>(med atterhald om endringar)</i>
måndag 01.11.	Bygland husflidlag	18.00	Fikselaug på Bygland frivilligsentral
tysdag 02.11.	Bygland kommune, kommunestyresalen	10.00-14.00	Influensavaksinerings til personar i målgruppa
	Bygland frivilligsentral	16.30	Bygdemiddag
onsdag 03.11.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Film: Petter Kanin hoppar heimefrå
		19.30	Film: Nordsjøen
torsdag 04.11.	Setesdal regionråd, Evjemoen Kino&Scene	Frå kl. 10.00	Setesdalskonferansen 2021
	Bygland kommune, kommunestyresalen	10.00-14.00	Influensavaksinerings til personar i målgruppa
fredag 05.11.	Stoga, Presteneset	11.00	Lunsjkafé for næringsdrivande
sundag 07.11.	Årdal kyrkje, Grendi	16.00	Gudsteneste
måndag 08.11.	9. kl Bygland skule, i heile kommune	på kvelden	Innsamling av panteflasker til 9 kl. sin Polentur
torsdag 11.11.	Brygga, Bygland	19.00	Kviss på Brygga
fredag 12.11.	Bygland Dramatiske Selskab, Bygland kulturscene	19.00	Teater: Det meste er sant - Ei førestilling med Svein Kleivane sine tekstar
laurdag 13.11.	Byglandsfjord barnekor, Årdalshallen	15.00	Byglandsfjord barnekor 30 år - Jubileumsfest
	BDS, Bygland kulturscene	19.00	Teater: Det meste er sant
sundag 14.11.	Bygland filmklubb	17.00	Film 1: Capote (2005)
		19.30	Film 2: Med kaldt blod (1967)
måndag 15.11.	Setesdal IPR og Otteraaens Brugseierforening	11.00 – 15.00	Temamøte Krypsiv i Otravassdraget på Evjemoen Kino&Scene
onsdag 17.11.	Setesdal Sogelag, Stoga	18.00	Biletkāseri om Bjørgulv Myhola v/ Svein Inge Olsen

Familiebading på symjehallen i Bygland TYS DAGAR og FREDAGAR frå kl. 17.00 – 20.00

For Bygland frivilligsentralen sine aktivitetar sjå s. 14 og 15

20 Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulans: 113 - Legevakt: 116 117